

Ny Viking-kontrakt for Harald Nilsen Tangen.

04.06.2020



Viking-spelar Harald Nilsen Tangen saman med faren, Rune Nilsen, som hadde ei flott karriere på 70- og 80-talet.

Viking-talentet Harald Nilsen Tangen kan sjå tilbake på ein svært god treningsvinter og ei sesongoppkjøring med mykje speletid og scoringar før koronaen sette ein stoppar også for elitefotballen. No nærmar det seg start på elitefotballen, og Harald har nett signert ein ny 3-årskontrakt. Dermed har han kontrakt med klubben ut 2022-sesongen.



Det blir spennande å følgja Harald N. Tangen framover. Her er han på kunstgrasbanen i Uskedalen i 2016.

Viking-trenar Bjarne Berntsen har i vår gitt uttrykk for at han har stor tru på den tekniske, offensive og talentfulle 19-åringen. Han har uttalt at han gjennom vinteren har utvikla seg til ein heilt annan spelar:

- Han tar en helt annen plass og har vært god i hele vinter, uttalte Berntsen i januar til Stavanger Aftenblad.
- Seinare fekk han svært mykje speletid i treningskampane, og Berntsen har fleire gonger gitt uttrykk for at den gode utviklinga har halde fram utover våren.
- Harald har vist en kjempepositiv utvikling. Han begynner å bli en seniorspiller. Du ser at han har vært mye i styrkerommet, er mye mer påskrudd og tar en helt annen plass enn før.

Dette store potensiale var nok grunnen til at Viking ville sikra seg Harald Nilsen Tangen på ein langtidskontrakt. I følge våre kjelder vart han tilbydd ein kontrakt på heile 5 år. Med tanke på eit framtidig mål om spel i utlandet ønskte ikkje spelaren å binda seg for så lang tid, og dei landa såleis på 3 år. Den kjende fotballagenten og Solskjær-vennen Jim Solbakken bistod Nilsen Tangen i kontraktsforhandlingane.

Med 10 kilo ekstra musklar håpar Harald at han denne sesongen skal få godt med speletid i eliteserien. Kampen om plass på laget til fjarårets cupmeister er steinhard. Den han i første rekke kjempar om fast plass med, er ein annan fotballelegant som fotballpublikumet i Kvinnherad kjenner godt, Johnny Furdal.

– Det er i Viking jeg vil lykkes. Innen fem år håper jeg å få muligheten i utlandet, men jeg har det ikke travelt, påpeiker Harald Nilsen Tangen til Stavanger Aftenblad.

Det blir spennande å følgja ungguten både denne sesongen, og i åra framover. Faren, Rune Nilsen, starta som kjent her i Uskedalen, reiste til Bryne 16 år gammal, og han hadde seinare ei flott karriere gjennom mange år i Rogalands-fotballen.

Tekst, arkivfoto(2016) og nett: Thor Inge Døssland.